

Saksprotokoll

Utval: Kommunestyret
Møtedato: 19.11.2018
Arkivsak: 16/1620

Sak: 73/18

SAKSPROTOKOLL - KONSESJONSPRISAR LANDBRUKSEIGEDOMAR

VEDTAK frå hovudutval for lokal utvikling 23.10.18 sak 69/18

1. Rådmannen får i konsesjonssaker fullmakt til å godkjenna søknader der omsøkt pris bygger på ein jordverdi på inntil kr 14.000 pr daa fulldyrka jord der jorda er ein del av eit *heilt* gardsbruk, og inntil kr 18.000 pr daa fulldyrka *tilleggsjord*. Pris som kan godkjennast for overflatedyrka jord, beite og andre areal tek utgangspunkt i desse to jordverdiane.
2. Pris som administrativt kan godkjennast for fulldyrka tilleggsjord skal reduserast med kr 800 pr dekar pr påbegynt km, der avstanden mellom driftssenteret på kjøparbruket og tilleggsjorda overstig 4 km.
3. Det blir gitt fullmakt til å godkjenna konsesjonssøknader for bygningar der verdivurderinga bygger på kostnadsverdi, gjeldande prisorundskriv og ei heilskapsvurdering i høve til inntekspotensialet.
4. Desse prisnivåa vert gjeldande frå dags dato og for søknader som vert mottekne frå d.d. Desse fullmaktene vert innarbeidde og eventuelt vidaredelegerte i delegeringsreglementet ved anledning. Prisnivå skal reviderast ein gong kvar valperiode. (Neste revidering vert hausten 2022).

Gro Haga -h anka saka inn til kommunestyret.

Kommunestyret si behandling:

Forslag frå Olav Røysland -h
Punkt 2 går ut.

Votering

Punkt 1, 3 og 4 i vedtaket frå hovudutval for lokal utvikling fekk 31 stemmer.

Forslaget frå Olav Røysland -h fekk 15 stemmer, frp og h. Forslaget falt.

Punkt 2 i vedtaket frå hovudutval for lokal utvikling fekk 16 stemmer.

KOMMUNESTYREVEDTAK:

1. Rådmannen får i konsesjonssaker fullmakt til å godkjenna søknader der omsøkt pris bygger på ein jordverdi på inntil kr 14.000 pr daa fulldyrka jord der jorda er ein del av eit *heilt* gardsbruk, og inntil kr 18.000 pr daa fulldyrka *tilleggsjord*. Pris som kan godkjennast for overflatedyrka jord, beite og andre areal tek utgangspunkt i desse to jordverdiane.

2. Pris som administrativt kan godkjennast for fulldyrka tilleggsjord skal reduserast med kr 800 pr dekar pr påbegynt km, der avstanden mellom driftssenteret på kjøparbruket og tilleggsjorda overstig 4 km.
3. Det blir gitt fullmakt til å godkjenna konsesjonssøknader for bygningar der verdivurderinga bygger på kostnadsverdi, gjeldande prisrundskriv og ei heilskapsvurdering i høve til inntekspotensialet.
4. Desse prisnivåa vert gjeldande frå dags dato og for søknader som vert mottekne frå d.d. Desse fullmaktene vert innarbeidde og eventuelt vidaredelegerte i delegeringsreglementet ved anledning. Prisnivå skal reviderast ein gong kvar valperiode. (Neste revidering vert hausten 2022).